

Klage på vedtak om konsesjon til Krossdalselvi kraftverk i Jondal kommune

Me klagar herved på vedtak om konsesjon til Krossdalselvi kraftverk. Me ber om at konsesjon ikkje vert gjeven til Krossdalselvi kraftverk.

Me ynskjer å gjera merksam på at ei alternativ utbygging med inntak nedanfor Holmen ved Slettabakkjen ville unngått mange av dei negative konsekvensane som noverandre utbyggingsforslag inneber. Eit slikt forslag er ikkje vurdert i saksbehandlinga om konsesjon.

Me ber Olje- og energidepartementet leggja vekt på dei nedanfor beskrivne argumenta og opplysingane i vurderinga av konsesjonsspørsmålet.

Me meiner NVE si vurdering av konsesjonsspørsmålet har følgjande manglar og feil:

1. Det er lagt altfor liten vekt på konsekvensar for næringsutviklinga på garden Drebrekke

Drebrekke er ein liten gard og har lite potensiale for inntekter frå tradisjonelt landbruk. Men potensialet for inntekter ved vidare satsing på turisme er stort. Hovudgrunnlaget for denne næringa er det samla landskapsrommet som garden utgjer. Derfor heng dei fleste argument som vedkjem næringsutvikling i Drebrekke tett saman med vurderinga av natur- og kulturminneverdiar i landskapet. Landskapsrommet ved Drebrekke ligg relativt isolert frå resten av Krossdalen, som er prega av intensivt moderne landbruk. Dette gjer landskapsrommet meir verdfullt og potensialet for opplevingar i og av landskapet større enn dersom dette ikkje var tilfelle. Dette er ikkje teke med i NVE si vurdering. Næringsutvikling bygd på landskapet som oppleving og som grunnlag for aktivitetar er vår hovudgrunngeving i denne klagen på vedtaket om konsesjon til Krossdalselvi kraftverk. Derfor vert dette grunngeve i eit eige dokument; *Drebrekke - landskap og gardstun som næringsgrunnlag*, med særleg vekt på Krossdalselva som avgjerande landskapselement for store delar av det samla landskapsrommet.

Me er grunnleggjande usamde i NVE si vurdering *Motstanden mot Krossdalselvi omhandler i all hovudsak lokale brukerinteresser i forbindelse med reiseliv og turisme*. NVE mener at dette er forhold som kan avbøtes dersom det gis konsesjon. Me vil visa i det me legg fram i klagen at dette er ei grunnleggjande feil vurdering. NVE hevdar óg at *Bruken av hoveddalføret i forbindelse med friluftsliv fremstår som mindre attraktivt med noen unntak, og det er i større grad en gjennomfartsåre til steder som for eksempel Folgefonna sommerskiserter*. Eit vesentleg unntak er i alle fall landskapet rundt Drebrekke, men dette skulle då vore uttrykt tydeleg i samband med denne beskrivinga.

2. Krossdalselva som landskapselement er sterkt undervurdert. Konsekvensane av utbygginga for elva som landskapselement er vurderte feil og tillagt altfor liten vekt.

Me meiner at dokumentet *Drebrekke - landskap og gardstun som næringsgrunnlag* gjev ei rett vurdering av Krossdalselva som landskapselement og dokumenterer dette ved hjelp av foto. Me viser til dette dokumentet for grunngeving for at elva er eit særskilt viktig landskapselement. Me

hevda derfor at konsesjon ikkje bør gjevast, mellom anna på bakgrunn av OEDs *Retningslinjer for små vannkraftverk*. Der står det at inngrep som medfører bortfall eller vesentleg reduksjon av viktige landskapselement av nasjonal, regional eller lokal betydning bør unngås. Etter vår vurdering har Krossdalselva ei stor lokal betydning som landskapselement og konsekvensane av NVE sitt vedtak vil medføre ei betydeleg reduksjon av elva som landskapselement. Denne vurderinga vil vidare medføre vesentlege konsekvensar for næringsssatsinga på turisme i Drebrekke.

Me har vidare følgjande å tilføra i denne vurderinga

- a) I Fylkesplan for småkraftverk i Hordaland er Krossdalselva beskriven som markert landskapselement i Krossdalen. Denne vurderinga er ikkje er teken med i NVE si vurdering, det vises kun til at Lauvbrufossen er merka av på eit kart over reiseliv i planen.
- b) Grunnlaget er stort for at feil i to av dei viktigaste fråsegnene, Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune, har medført at NVE har undervurdert Krossdalselva som landskapselement: Både fråsegnene legg til grunn at elva ikkje er synleg frå fylkesvegen. Dette er feil. Vidare skriv fylkeskommunen at "Elva går for det meste av berørt strekning i eit gjel og er lite synleg, med unntak av området ved kraftstasjonen og ved dam og inntak". Dette synet hevda og NVE i si vurdering. Dette er feil. Dokumentet *Drebrekke - landskap og gardstun som næringsgrunnlag* viser at elva er synleg i eit stort landskapsrom. Og i den delen av berørt elvestrekning som går over Drebrekke, er det langt under halvparten av elva som renn i eit gjel.

3. Konsekvensane for fiske er større enn slik dei vert vurdert i NVE si vurdering

NVE si vedtekne minstevassføring er ikke tilstrekkeleg for å oppretthalda dei biologiske forholda for fiskestamma. Ein reduksjon av vassmengda i elva med mellom 60 og 70 % vil uvikarleg føra til dårlegare vekstforhold for fisken.

Utbyggjinga vil gjera at ei utvikling av fiskestamma, slik det er skissert i *Drebrekke - landskap og gardstun som næringsgrunnlag*, vil vera umgoleg å gjennomføra.

Det er ikkje nemnd at utbyggjinga vil gje langt mindre vanndekt areal i elva. Dette vil gjera det langt mindre attraktivt å fiska i elva. Fiske som ein viktig aktivitet for dei som bur på og vitjar Drebrekke vil opphøyra dersom utbyggjinga vert gjennomført.

NVE skriv at temaet fiske ikkje vart teke opp under synfaringane ved Vassendelva og Krossdalselva. Underteikna meiner bestemt at han nemnde planar for korleis forbetra fiskestamma i Krossdalselva og betring av tilkomst for fiskarar under synfaringa ved Krossdalselva.

4. Konsekvensar for kvernshusmiljøet og ferdels- og pilgrimsvegen er sterkt undervurdert

Kvernshusmiljøet og opplevinga av kulturmiljøet vil verta svært forringa. Den store utbyggjinga av Folgefonnsanlegga i 1970 tok bort om lag 80 % av vassføringa i elva, vert det hevda. Den gjenverandre vassføringa er nett stor nok til av elva oppleves som kraftfull nok til driva dei to kvernene og stor nok til at elva faktisk kan driva dei to kvernene. Ei vidare reduksjon med mellom 60 - 70 % av vassføringa gjer opplevinga av kvernshusmiljøet langt fattigare. Kvernhusa kan då kun kunna mala korn få dagar i året, når det er flaum. Dette gjer det langt vanskelegare å planleggja og å nytta maling av korn på kverna som aktivitet/formidling i næringsssatsinga på garden.

Ferdels- og pilgrimsveg frå mellomalderen er ikkje nemnd i fråsegna frå Hordaland fylkeskommune, og såleis ikkje vektlegg nok i NVE si vurdering. Veggen bør vera definert som eit automatisk freda kulturminne. Det er feil at "Krossdalselvi kraftverk er ikkje i konflikt med kjende freda kulturminne". Elva er godt synleg frå knapt halvparten av ferdels- og pilgrimsvegen i dag,

og når granskogen på garden om ikkje mange år vert hoggen, vil elva vera synleg og ein viktig opplevingsverdi langs store deler av vegen. Den nederste del av vegen går langs kanten av den bratte dalsida ned mot elva. Her vil ein ha vid utsikt ned til elva og rett inn i nedre del av Gjele.

5. Feil i fråsegner og utelating av viktig informasjon i sakshandsaminga kan ha hatt stort utslag på NVE si vurdering.

Det heiter i NVE sin konklusjon at "Etter en helthetsvurdering av planene og de foreliggende uttalelsene" (vår understreking). Dette viser at feil og manglande informasjon i fråsegnene har medverka til at NVE meiner at "fordelene med det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for almenne og private interesser".

Hordaland fylkeskommune skriv under overskrifta *Fylkesmannens vurdering at Søkjar viser til at Jordalens* (her meinast vel Krossdalens?) *landskapsestetiske uttrykk ikkje vert vesentleg påverka av utbyggjinga, då berørt elvestrekning ikkjeer synleg frå vegen.* Men mest mest alvorleg er det at Fylkesmannens uttale manglar avgjerande informasjon som me meiner vedkjem svært mykje vurderinga av konsekvensar for og verdjar i landskapet. Det er óg ein mangel at ikkje Landbruksavdeling har informert sakshandsamar om ei langvarig satsing på turisme på garden. Me har fått fleire typar tilskot derifrå og verdfull rådgjeving over fleire år. Dette gjeld fråsegna til fylkeskommunen óg, som har ansvarsområde for turisme og næringsutvikling generelt.

Elles er det mange feil og manglande informasjon i mange fråsegner. Dette kan hengja saman med at ei samla vurdering av så mange som 13 kraftverkssøknader, med den svært store dokumentmengda som må gjennomgåast og så mange landskapsrom som må lærast å kjenna, gjer sitt til av mykje verdfull informasjon og vurderingar ikkje kjem fram.

6. Belastinga av vasskraftutbyggjing på hovudvassdraget i Krossdalen vurdert for liten

NVE hevdar at hovudvassdraget i Krossdalselva inkludert Brattabølva, og me reknar med Vassendelva kan takast med inn her, toler meir vasskraftutbyggjing. Her meiner me at NVE er inkonsekvente i høve til korleis dei vurderer eit for oss sams forhold i Herand: I Herand vektlegg NVE at den store utbyggjinga av Storelvi kraftverk, som truleg får konsesjon snarleg, vil ta bort så mykjevassdragsnatur i bygda at Sæverhagen og Grimeelva kraftverk ikkje bør byggjast ut. Men det same er forholdet i Krossdalen, einaste skilnad er at den store utbyggjinga her skjedde for 40 år sidan. Derfor stiller me oss undrande til at NVE kan godkjenna at det, dersom dei tre konsesjonane står ved lag, nært sagt ikkje vil finnast ein einaste elvestrekning att i Krossdalen som ikkje er bygd ut av småkraftprosjekt. Derfor meiner me at Krossdalselva ved Drebrekke må sparast for utbyggjing.

7. Forholdet mellom utbyggjing av elva og stort arbeid lagt ned for ta vare på landskap og kulturminner er utelate i vurderinga av Krossdalselva

På same vis som i avsnittet ovanfor, meiner me NVE forskjellsbehandlar i eit forhold som er mykje det same i Herand og i Drebrekke: I Herand legg NVE vekt på at det store landskaps- og kulturminnearbeidet i bygda bør vera eit viktig argument mot å forringa vassdragsnaturen ved å byggja ut Sæverhagen og Grimeelva. Det er eit langt meir omfattande landskapsarbeid som er gjort i Herand enn i Drebrekke, men forholdet er det same: Stort arbeid lagt ned for synleggjera og ta vare på natur- og kulturlandskapet bør vera eit argument i mot å byggja ut elva. Dette perspektivet er ikkje nemnd i vurderinga av konsesjon til Krossdalselva. Drebrekke er eit heilskapleg og klart avgrensa landskapsrom som Herand, men mindre i storleik. Dersom det i åra frametter vert høve å søkja om status som Landskapspark for mindre avgrensa områder med rike landskapskvalitetar, vil me gjerne søkja om dette for Drebrekke.

8. Konsekvensane av dei tre konsesjonane til Vassendnelva, Krossdalselva og Brattabølva burde óg vore vurderte innanfor det avgrensa området som desse utbyggjingane utgjer

Å dela opp området alle dei 13 kraftverka berører i mindre områder i NVE si vurdering er truleg klokt. Men dei tre vasskraftprosjekta Vassendelva, Krossdalselva og Brattabølva burde i tillegg vore vurdert innan det avgrensa landskapsrommet dei utgjer. Dette ville fått fram meir tydeleg dei negative konsekvensane desse utbyggjingane medfører.

9. Omfanget av samla utbyggjing av vasskraft i Hardanger burde vore tillagt vekt i vurderinga

NVE skriv i si vurdering i bakgrunn for vedtaket, under avsnittet *Pakkebehandling og samlet vurdering*, følgjande: "Vi mener det ikke er naturlig å se hele Folgefonnhalvøya som ett samlet landskapsrom siden området er svært variert og innehar lokale særegne kvaliteter". Det er klokt å dela vurderinga opp i avgrensa områder, men det er ingen ting i vegen for at den store samla utbyggjinga av småkraftverk i Hardanger samstundes bør tilleggast vekt i vurderinga. Dersom NVE hadde lagt vekt på at Hardanger truleg er det området i Noreg med flest småkraftverk, i tillegg til store tidlegare utbyggjingar, ville NVE vektlagt mindre i si vurdering at konsesjon til Vassenden, Krossdalselvi og Brattabølvi kraftverk gjev ein samfunnsmessig gevinst på grunn av kraftproduksjon dette utgjer.

10. Fugl

Me vil berre kort nemna at det i området Vassendelva, Krossdalselva og Brattabølva er gjort fleire observasjonar at raudlistartar. Dette er gjort meir greie for i blant anna Naturvernforbundet si fråsegn. På synfaringa var det vanskeleg å hevda verdien av desse observasjonane, sidan utbyggjar hadde med seg ein biolog som me opplevde gjorde desse observasjonane mindre viktige i sin omtale av verdien av fugl i området. Det var vanskeleg å leggja fram eit anna syn på grunn av hans faglege posisjon som biolog.

11. Raudlistartar og naturtypar

To viktige naturtypar: Gjele er definert som viktig naturtype *Bekkekløft og bergvegg*. Gjele har eit stort opplevingspotensiale; ei dramatisk landskapsform som ikkje finnst andre stader langs Krossdalselva. Rett nedanfor Gjele finst *Gråor-heggeskog* på Holmen ved Slettabakkjen. Både desse naturtypane finst kun langs 2 av dei 12 andre omsøkte utbyggjingane i denne søknadsrunden. Etter konsesjonsbehandlinga, vil det berre vera ein av kvar av desse naturtypane som ikkje vert forringa av utbyggjing av elva.

NVE har lagt fram eit oversiktleg skjema for dei viktige naturtypane som er påviste. Men NVE burde lagt vekt på at så få av dei typane som finst ved Krossdalselva finst ved dei 12 andre elvane og at ein så høg andel av dei to naturtypane som finst ved Krossdalselva vert berørte av kraftutbyggjing. Det er elles kun ved Krossdalselva at med finn *Bekkekløft og bergvegg* og *Gråor-heggeskog* langs det same vassdraget.

12. Stort arbeid lagt ned lokalt og regionalt for satsing på fotturisme + pilgrimssatsing på veg

Truleg er det få andre stader i landet at det har vore lagt ned eit så omfattande arbeid for auka fotturismen som på Folgefonnshalvøya, og særleg i Jondal kommune. No sist gjennom prosjektet *Naturarven som verdiskapar*. Dette er omtale i av NVE, men tillagt for lita vekt i vurderinga.

13. Utbyggjinga av den delen av Krossdalselva som renn forbi Drebrekke gjev ikkje verdiskaping lokalt

Det er Blåfall as og Statkraft som får dei samla inntektene av utbyggjinga av elva ved Drebrekke. Dei lokale fallrettseigarane eig elva lenger nede. Ei mindre utbyggjing med inntak rett nedanfor Holmen ved Slettabekkjen, ville ikkje forringa opplevingsverdiane ved Drebrekke, ikkje koma i konflikt med dei to viktige naturtypane som finst langs elva og ville vore ei utbyggjing der lokale

bønder eig rettar og får inntekter. Hensynet til inntekter for lokalsamfunnet og lokale bønder er ei viktig årsak til at staten har sett i gong og tillete den storstilte utbyggjinga av småkraft i Noreg. Me kan ikkje sjå at NVE har teke opp dette forholdet i si vurdering. I tilfellet dette skulle vurderast for Krossdalselva, ville dei lokale inntektene til kommune og fallrettseigarar vore lik null.

Beste helsing

Trygve Kråkevik og Olaug Kraåkevik

Noverandre eigarar og drivarar

Herborg Kråkevik



Bård Kråkevik og Cecilie Styrmo Stærnes

Komande eigarar og drivarar

